

RAPPORT

Heddal stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Portalen ved kapellet	5
Portalen ved kyrkja	5
Murar under og ved kyrkja	6
Tjæring	6
Svalgang	6
Kyrkjekunst og dekor	6
Støpul	7
Tak	7
Kledning og konstruksjon	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

Heddal stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Kyrkerommet: Alter og døypefont. Foto: Birger Lindstad / Riksantikvarens arkiv.

Heddal stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Heddal stavkyrkje er truleg bygd på 1200-talet. Kyrkja har heva midtrom i skip og kor, og er den største attverande stavkyrkja. Kyrkja vart kraftig restaurert i perioden 1849-1851. På 1950-talet

vart kyrkja rekonstruert til antatt utforming frå mellomalderen. Kyrkja har fire store portalar som står i særstilling blant dei bevara stavkyrkjeportalane. Interiøret i kyrkja ber preg av perioden etter den lutherske reformasjonen i 1536/1537 og dei seinare restaureringane.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Portalen ved kyrkemuren og portalen ved kapellet var prega av at spona på hovudtaket hadde mykje sprekker og var i generelt dårleg stand. Spona på spiret til

portalen ved kapellet var av dårleg virke og var ikkje impregnert og dermed mykje røteskadd og hadde kraftig mosevekst. Vindskibord, isbord og mønebord var alle i dårleg stand. Vassbrettet over spiret var røteskadd samt støtteplanken for krossen. Portalen stod noko skrått, då muren hadde pressa på portalen grunna ei bjørk som har flytt på muren. Klokkestøpulen ved kyrkja hadde ein del skader både i tak, kledning og den berande konstruksjonen. Utover dette var det behov for tjæring av kyrkja.



Tjæring: Med hjelp av klatreutstyr. Foto: Kim Bjørndalen / Riksantikvarens arkiv.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

PORTALEN VED KAPELLET

Då spona vart demonterte frå taket vart det oppdaga røteskader i troa under spona på spiret, samt noko røte i hovudtaket. Mellom anna vart eit av borda på nordsida og vassbrettet rundt spirstanga så røteskadd at dei måtte bytast. Samstundes hadde borda på spiret mykje røteskade då spona på spiret var lagde utan

tilstrekkeleg overlapping. Alt materialet som vart bytt ut vart erstatta med virke som var 100% malma.

Beslaga som låg i gradene var av bly og hadde ei breidde slik at dei gjekk opp om lag 10 centimeter på kvar side av gradrenna. Desse vart bytt til koparbeslag som strekkjer seg 15 centimeter opp på kvar side. Endringa med å nytte kopar i staden for bly er eit val som

tidlegare har vorte gjort ved arbeida med andre kyrkjer. Ein fordel med kopar er at det mørknar over tid og passar betre visuelt til kyrkja.

Den nye spona er skore og i 100% malme. Forma er kopierte etter den sponen som låg på taket frå før. Spona vart festa med 1 klypt spikar midt på ved, der som teljinga på sponen byrjar. Då spona på alle sidene av hovudtaka var lagt vart det lagt på mønebord. Så kunne ein begynne å kopiere spona på spiret. Spona vart telgd til og vart gjæra saman i hjørna slik som dei gamle var. Ned mot spona på hovudtaket vart det lagt på tjære mellom spona. Spona vart lagd lengre enn den gamle spona i overkant slik at det vart skikkeleg overlapping. Under vassbrettet vart lagt ei liggande list som var profilert og gjæra saman i hjørnet som den gamle. Listene vart laga av godt malma virke. Vindskiborda vart lagd som kopi av dei gamle, men i ein del. Isborda vart lagt nye. Alt vart festa med klypt spikar. Når alt var ferdig vart det smurt på eit lag med milebrend tjære.

PORTALEN VED KYRKJA

Spontekkinga, mønestokk og vindskiborda på taket vart demontert. Den gamle takpappen vart fjerna. Ny spon vart lagt. Vidare vart det laga ny mønestokk, vindskibord og isbord. Avslutningsvis vart taket tjærebreidd.

MURAR UNDER OG VED KYRKJA

Murane ved Hedalen stavkyrkje er prega av fleire byggetrinn og ulike tankar om vedlikehald. Alle murane er enkelvanga og bygd av granitt. Det vart ikkje påvist omfattande kritiske skader ved synfaringa av murane, men dei er skjemma av varierende val og utføring av vedlikehald opp gjennom tida. På nordsida av kyrkja er det fleire stader muren har for lav høgde, noko som har medført at trekonstruksjonar har vore utsett for unødvendig fuktbelastning. Det vart utført eit større arbeid på forstøtningsmuren ved stavkyrkja.


TJÆRING

Kyrkja vart tjærebreidd. Detaljert beskriving av arbeidet kan lesast i eigen rapport.¹

SVALGANG

Dreneringstiltak var naudsynt for å utbetre bevaringsforholda for stavkyrkja.

Dreneringsarbeidet vart delt i to, og gjennomføring av fyrste del innebar legging av steinhellene i svalgangen, samt etablering av ei gjennomføring av dreneringsrør under muren i svalgangen. Inne i svalgangen vart det grave ned til 0,2-0,3 m djupn. Hellelegginga i svalgangen er lagt der i moderne tid. Under hellene låg eit 20-30 cm tjukt lag med finkorna lysgrå grus. Under dette kom det fram eit eldre lag med heller. Dette låg 25-30 cm under dagens heller. Under dei gamle hellene låg eit kompakt gulgrått sandlag som under seg igjen hadde eit raudbrunt humuslag med trerestar.



Tjæring: Med hjelp av klatreutstyr. Foto: Kim Bjørndalen / Riksantikvarens arkiv.

Dette tolkast som jordgolv, med eit svert nedbrote tregolv øvst. Dette laget vart C-14 datert til seint 1600-tal eller 1700-tal. Det vart ikkje gjort funn som med sikkerhet kan skrivast til førreformatoriske lag, men det vart gjort interessante etterreformatoriske funn.² I tillegg vart spon og kilrenne skift og utbeta på sydaustre sida av taket til inngangen av kyrkja.

KYRKJEKUNST OG DEKOR

Riksantikvaren og NIKU var på synfaring 24. april 2006 for å gjere ei tilstandsvurdering for behandling av dekor og kunst i Heddal stavkyrkje.³ Veggdekoren i både skip og kor i stavkyrkja var ved synfaringa i svert dårleg stand og hadde påtrengande behov for konservering. I 2007 vart nordveggen i koret undersøkt med ultrafiolett og infraraudt lys for å dokumentere utstrekning av bevart mellomalderdekor.⁴ På oppdrag



Limfargedekoren i kyrkja: Mosaikk av UV-opptak av nordvegg. Foto: NIKU/Riksantikvarens arkiv.

frå Riksantikvaren utførte NIKU i mai/juni 2008 eit forprosjekt for å teste og finne fram til egna midlar og metodar for sikring av limfargedekoren. Det vart deretter utarbeidd ei prosjektbeskriving for behandling som grunnlag for heile hovudprosjektet.⁵ Prosjektet fotodokumenterte limfargedekoren i heile kyrkja før behandling. Deretter vart dekoren reinsa, konsolidert og retusjert der det vart funne naudsynt. Behandlinga av limfargedekoren i Heddal stavkyrkje vart delt opp over fleire sesongar. Fyrste del omfatta fotodokumentasjonen i 2008. Foto og fotoliste finnast i Riksantikvarens arkiv. Etter fotografering vart limfargedekoren på nordveggen og i apsis i koret reinsa og konsolidert. Andre del av prosjektet vart utført i juni 2009 og omfatta konsolidering av limfarge på sørvegg i koret samt heile skipet, totalt om lag 103 m².⁶ Tredje og avsluttande del av prosjektet vart utført

sommaren 2010 og bestod av retusjering av den måla dekoren i koret, etterkonsolidering av problemområder og fotografering etter behandling i koret.⁷

STØPUL


TAK

På nordsida av taket på støpulen låg smal kort spon med kort spiss på takpapp og med underliggende taktro. Spona var både sprukne og røteskadd. Nye spon av 100% kjerneved frå furu vart produsert etter modell frå dei gamle. Pappen hadde forårsaka røteskader då den hindrar lufting under sponen. Opphavleg legg ein spon rett på taktroa på stavkyrkjene. Om ein skal nytte papp under sponen lyt ein bruke sløyfer og lekter under spona. Det vart difor ikkje lagt papp under dei nye spona, slik at det vart ei lita lufting mellom taktro og spon. Derimot vart det tjæra på troa under dei nedste rekkene av spon. Kvar enkelt spon vart synleg fest med ein

klypt spikar. Spona på nordsida var skorne på sag med høvla overflate. Spona på sørsida var av same sort som dei gamle på kyrkja. Også her vart pappen fjerna og all spon vart skift då det var mykje dårleg virke og sprukne spon. Spona vart produsert i Jølster og vart montert på same måte som på nordsida. Mønekjølen på støpulen var heilt røten. Det vart difor montert ein ny kopi laga av kjerneved som var sprettelja og høvla. Samstundes vart også samtlege vindskibord og isbord bytt ut, medan tverrbordet på krossen vart montert nytt på det gamle vertikale bordet.

KLEDNING OG KONSTRUKSJON

Den vêrutsette austveggen av støpulen var prega av røteskader som gjorde det naudsynt å byte ut stavlegja med ein kopi av kjerneved frå furu. Takkonstruksjonen på austsida vart jekka opp for å få fjerna den skadde svilla og deretter få på plass ei ny svill av nytt virke.



Kyrkjerommet: Med limfargedekor på veggane i omgangen rundt skipet. Foto: Marcin Kalinski / Riksantikvarens arkiv.

Kledninga på vest- og austsida av støpulen var tynnare og var av dårlegare virke enn på dei andre veggane, då dei hadde vore bytta før. Kledninga vart demontert og erstatta med nye bord av betre virke i same tjukkleik som dei to andre veggane på støpulen. Det var vanskeleg å få skaffe virke av den kvaliteten som var ynskjeleg, men det vart plukka ut virke av furu med mest mogleg kjernevirke til borda. Den nye kledninga vart fest med klypt spikar. I samband med utskiftinga av kledninga vart det oppdaga fleire røteskader.⁸ Mange delar vart bytta ut eller spunsa. Dei største skadane var i austveggen, der ein skråstolpe og den øvre botnsvilla, samt den nedre svilla i etasjeskiljet vart

spunsa og tjæra. Stavlegja i etasjeskiljet måtte bytast i si heilheilt. Vidare måtte begge skråstolpane som står ned på den øvre svilla og strekkjer seg ut til hjørnestolpane spunsast, då dei var røteskada i møtet med svilla. I underkant av dei gamle skråstolpane var det tappar ned i svilla. Desse vart fjerna då ein spunsa svillen og stolpane, så det var naudsynt å legge inn ein ny bjelke om lag 1 meter over den øvre svilla i etasjeskiljet for å stabilisere dei to skråstolpane. Vidare var møtet mellom skråstolpane og den nedre svilla i det øvre etasjeskiljet spunsa i heile si lengde grunna røteskader. Under alle spunsar i reisverket vart det gamle trevirket smurt med tjære før ein monterte spunsane. Utover dette

vart nokre små skader sett i stand i tillegg til at nokre dårlege bord vart bytt i kledninga på dei øvrige sidene av støpulen samt at alt nytt treverk på støpulen vart påført fleire lag tjære.

SAMANDRAG

Heddal stavkyrkje er truleg bygd på 1200-talet. Kyrkja har heva midtrom i skip og kor og er den største attverande stavkyrkja. Kyrkja vart kraftig restaurert i perioden 1849-1851. På 1950-talet vart kyrkja rekonstruert til antatt utforming frå mellomalderen. Kyrkja har fire store portalar som står i særstilling blant dei bevarede stavkyrkjeportalane. Gjennom stavkyrkjeprogrammet er støpulen ved kyrkja sett i stand i tillegg til at portalane i

kyrkjegardsmuren har fått ny spontekking. Hellene i svalgangen i kyrkja vart lagt om i 2013. Interiøret i kyrkja ber preg av perioden etter den lutherske reformasjonen i 1536/37 og dei seinare restaureringane. Limfargedekoren vart reinsa og konsolidert i perioden 2008-2010. I tillegg vart det gjort undersøkingar av limfargedekoren, ved hjelp av nye metodar, for å dokumentere uttrekninga av bevart mellomalderdekor.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. De norske stavkirkene. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR OG KJELDER

Bjørndalen, Kim Richard. *Erfaringsrapport Tjæring Heddal Stavkyrkje Høst 2015*, 2015.

Halvorsen, Sunniva Wilberg. *NIKU Oppdragsrapport 180/2014 Heddal stavkirke Arkeologisk overvåking av dreneringsarbeider. Del 1: Svalgang*, 2014.

Heimdal, John Inge. *Rapport frå relegging av heller i svalegang på Heddal Stavkyrkje*, 2016.

Lehmann, Mette S. *Rapport vedlikehold av Heddal Stavkirke 2004*, 2005.

Stein, Mille. *Tilstandsregistrering av kirkekunst i stavkirker. A 167 Heddal kirke, Notodden kommune, Telemark. Befaringsrapport 22.6.2006*, 2006.

Wedvik, Barbo. *NIKU rapport nr. 38/2011 A 167 Heddal stavkyrkje*

Retusjering av limfargedekor i koret, 2011.

Marumsrud, Hans. *Arbeidsrapport for Heddal stavkyrkje*, Portaler gjennom kyrkjemur, 2013.

Marumsrud, Hans. *Heddal stavkyrkje . Støpul. Arbeidsrapport 2014- 15*, 2015.

Wedvik, Barbo. *NIKU rapport A 167 Heddal stavkirke, Forslag til forprosjekt: Ikke-destruktiv undersøkelse av limfargedekor*, 2006.

Wedvik, Barbo. *Undersøkelse og dokumentasjon av limfargedekor i koret ved bruk av multispektralt kamera, Adobe Photoshop CS3 og Adobe Bridge. NIKU rapport 57/2007*, 2007.

Wedvik, Barbo. *NIKU rapport nr 121/2009 A 167 Heddal stavkyrkje Konsolidering av limfargedekor i skip og sørvegg i koret*, 2009.

Wedvik, Barbo. *A 167 Heddal kirke. Forprosjekt om behandling av limfargedekor. Prosjektbeskrivelse for hovedprosjekt. NIKU rapport nr. 31/2008*, 2008

FOTNOTAR

¹ Bjørndalen, Kim Richard. *Erfaringsrapport Tjæring Heddal Stavkyrkje Høst 2015*, 2015.

² Halvorsen, Sunniva Wilberg. *NIKU Oppdragsrapport 180/2014 Heddal stavkirke Arkeologisk overvåking av dreneringsarbeider. Del 1: Svalgang*, 2014.

³ Stein, Mille; *Tilstandsregistrering av kirkekunst i stavkirker. A 167 Heddal kirke, Notodden kommune*,

Telemark. Befaringsrapport 22.6.2006, 2006.

⁴ Wedvik, Barbro. *Undersøkelse og dokumentasjon av limfargedekor i koret ved bruk av multispektralt kamera, Adobe Photoshop CS3 og Adobe Bridge. NIKU rapport 57/2007*, 2007.

⁵ Wedvik, Barbro. *A 167 Heddal kirke. Forprosjekt om behandling av limfargedekor. Prosjektbeskrivelse for hovedprosjekt. NIKU rapport nr. 31/2008*, 2008.

⁶ Wedvik, Barbo. *NIKU rapport nr 121/2009 A 167 Heddal stavkyrkje Konsolidering av limfargedekor i skip og sørvegg i koret*, 2009.

⁷ Wedvik, Barbo. *NIKU rapport nr. 38/2011 A 167 Heddal stavkyrkje Retusjering av limfargedekor i koret*, 2011.

⁸ Marumsrud, Hans, *Heddal stavkyrkje. Støpul. Arbeidsrapport 2014- 15*.

